HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

Møtereferat

Deltakarar:
FFO: leiar Eli Sjo, nestleiar Marianne Sundvor, Nooshin Zaery, Lene Nilsen, Arvid Aasen (vara)
SAFO: Christel Borge Bersaas-Nesse , Ulrikke Tranberg (vara)
Pensjonistforbundet: Torveig Botnen.
ProLar Nett: Christine Lønne.
Kreftforeningen: Arvid Haukås (vara)
Vestland Innvandrarråd: Everline Mjømen
Seksjon for samhandling: koordinator Randi Bjørgen Johannessen.

Forfall:
FFO: Michael Sønnesyn
Kreftforeringen: Terje Thue
SAFO: Renate Toft

Kopimottakarar:
Helse Vest RHF
Møteleiar: **Eli Sjo**
Møtedato: **13.10.2026**
Klokkeslett: **09.00 - 14.00**
Møtenr: **7**
Møtested: **Bikuben kurs- og konferansesenter, K1**
Arkivref: 2025/20631 - 126172/2026

Referat frå møte i Brukarutvalet 13.10.2026

Saksnr	Emne	Ansvarleg
26/51	**Godkjenning av dagsorden og innkalling**. Informasjon frå styremøte 24.09.26; Utvalgsmøter - Møtekalender alle utvalg	Fast
26/52	**Merking og skilting i sjukehuset** v/Irene Nykrem, rådgivar Arealkontoret. Orientering om arbeidet med skilting og merking i sjukehuset. Ansvarleg for området har arbeidd i stillinga i om lag to år, og oppfølging skjer i stor grad gjennom befaringar og kartlegging i sjukehuset. Brukarutvalet peika på utfordringar med skiltinga, særleg knytt til vegen til Sentralblokka frå Glasblokkene. Det vart vist til at dagens løysingar ikkje alltid er intuitive, og at svaksynte og andre brukargrupper kan oppleve det som vanskeleg å finne fram. Behovet for tydelegare symbolbruk, mellom anna for heis, trapper og utgangar, vart løfta fram.	Arealkontoret

	Det vart også drøfta korleis språk og omgrep i skiltinga kan gjerast meir forståelege, samstundes som sjukehuset må følgje krav om bruk av nynorsk. Brukarutvalet understreka viktigheita av universell utforming og god brukarvennlegheit. Det vart uttrykt ønske om eit tettare samarbeid med Brukarutvalet i vidare arbeid med skilting og merking, mellom anna gjennom brukarmedverknad ved befaringar og før innføring av nye system. Brukarutvalet og orienteringshaldar vart samde om å etablere ei arbeidsgruppe med tre representantar frå Brukarutvalet. Koordinator sender kontaktinformasjon vidare.	
26/53	**Program Sentralblokka** v/prosjektleiar Merethe Storegjerde. Orientering om status for arbeidet med konsept for Sentralblokka ved Helse Bergen. Det vart informert om at Helse Vest si økonomiske langtidsplan inneber ei utsetjing av prosjektet på om lag to år, og at vidare utvikling er vurdert gjennom ulike scenario for framdrift og investeringstakt. Prosjektet vil bli gjennomført i fleire byggetrinn, med ombygging og nybygg for sentrale kliniske funksjonar. Lengre gjennomføringstid vil kunne gi auka kostnader, utfordringar med kapasitet, samt større belastning på tilsette og pasientar i eksisterande bygningsmasse. Prosjektleiinga tilrår vidare framdrift etter det raskaste alternativet (scenario 1), eventuelt scenario 2, for å redusere risiko, kostnader og perioden med underkapasitet. Styret i Helse Bergen har tidlegare understreka at rehabilitering av Sentralblokka er nødvendig og må ha høg prioritet. Det blir no arbeidd vidare med konseptutvikling, organisering av prosjektet og førebuingar til neste fase i samarbeid med Sjukehussbygg HF. Avtalt ny orientering om prosjektet på nyåret 2027.	Fast
26/54	**Pasientsikkerhetskonferansen 2026** v/nestleiar Marianne Sundvor og Christel Borge Bersaas-Nesse. Det vart gitt ei kort orientering frå konferansen. Konferansen vart strømma, og opptaket er tilgjengeleg på nett. Lenkje til opptaket: Pasientsikkerhetskonferansen | Videos & Movies on Vimeo	Brukarutvalet
26/55	**Kva skjer i sjukehuset?** v/administrerande direktør Marit Lieng. Økonomien per september er under oppfølging, med fokus på drift, bemanning og lønskostnader. Det er framleis utfordringar	Fast

	knytte til ventetider og ventelister, særleg innan somatikk og operasjonar. Samstundes blir det arbeidd aktivt med Ventetidsløftet for å redusere ventetidene. Aktiviteten innan somatikk, psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er høg og ligg i hovudsak på planlagt nivå. Akuttmottaket på Haukeland har framleis høg pasienttilstrøyming, og pasientflyt og kapasitetsutnytting blir følgde tett. Det vart orientert om status for pasienttryggleik, kvalitetsindikatorar og pasienterfaringar. Helse Bergen har gode resultat på fleire område, samstundes som det blir arbeidd kontinuerleg med kvalitetsforbetring. Det digitale tilbodet med telefon-, video- og nettbaserte konsultasjonar er vidareført og utvikla. Innan HR/HMS vart det orientert om sjukefråvær, bemanning, heiltidskultur og bruk av overtid. Administrerande direktør orienterte også om aktuelle strategiske saker, mellom anna Sentralblokkprosjektet, arbeidet med langsiktig berekraft og forventningar knytte til statsbudsjettet for 2027.	
26/56	**Preoperativ pasientegenmelding- tilbakemelding av spørjeskjema** v/Marianne Sundvor **.** Gjekk ut, spørjeskjemaet ikkje var klart til gjennomgang.	
26/57	**Budsjett 2027 Brukarutvalet og Ungdomsrådet Helse Bergen** v/samhandlingssjef Grete Lill Hjartnes. Status og rammer for Brukarutvalet i 2027. • Styret i Helse Bergen vedtok 24.09.2026 å redusere talet på medlemmer i Brukarutvalet frå 11 til 9 frå og med 2027. • Budsjettet for Brukarutvalet er om lag kr 770 000. • Godtgjersla til medlemene følgjer statens satsar, som blir justerte årleg. • Det er lagt opp til 8 møter i 2027. Eventuelt endra tal på styremøte i 2027 kan påverke utgiftene til Brukarutvalet. Status og budsjett for Ungdomsrådet i 2027. • Budsjettet for Ungdomsrådet er om lag kr 582 000. • Nye nasjonale satsar for godtgjersle til medlemmer i ungdomsråd er fastsette til kr 598 per møte, på same nivå som for Brukarutvalet. • Dei nye satsane vil medføre ein auke i kostnadene på om lag kr 16 000 årleg. • Budsjettet dekkjer også koordinatorfunksjon i 20 % stilling samt eit fast tillegg på kr 5 000.	Seksjon Samhandling
26/58	**Innovasjonsprosjekt: Digital mobilisering av nødblodgivar** v/spesialrådgjevar og prosjektleiar Hilde Valen Wæhle	Voss Sjukehus

	Prosjektet «Digital mobilisering av nødblodgivarar» skal utvikle ei løysing for målretta varsling av nødblodgivarar ved Voss sjukehus. Målet er å styrkje blodberedskapen ved å kunne varsle aktuelle blodgivarar i akutte situasjonar, registrere kven som kan møte, og integrere ordninga i sjukehuset si beredskap. Prosjektet har fått innovasjonsmidlar til ei konseptutgreiing som omfattar kartlegging av behov, tekniske og juridiske krav, og utvikling av ei framtidig løysing for varsling og oppfølging av blodgivarar. Prosjektet kan bidra til betre beredskap, auka pasienttryggleik og meir robuste akuttmedisinske tenester ved Voss sjukehus. Innspel i møtet: • Brukarutvalet støttar prosjektet og ser det som særleg viktig for distriktet. • Viktig med enkelt og forståeleg språk i informasjon, skjema og digitale løysingar. • Det bør takast omsyn til personar med lese- og skrivevanskar, språklege utfordringar og synsvanskar. • Det vart stilt spørsmål om korleis ein kan unngå at for mange blodgivarar møter opp etter utsending av varsel. • Løysinga bør ha ein funksjon for tilbakemelding frå blodgivarar om dei kan møte. • Brukarutvalet ønskjer å bli halde orientert om den vidare utviklinga i prosjektet. Prosjektleiar kjem tilbake til Brukarutvalet med vidare orientering om prosjektet i 2027.	
26/59	**Gjennomgang av prosjektlista** v/leiar Eli Sjo. Brukarutvalet gjekk gjennom prosjektlista om status i pågåande prosjekt og arbeidsgrupper. Det vart understreka at medlemene blir oppmoda til å gi beskjed til leiar og/eller koordinator når prosjekt eller arbeidsgrupper blir avslutta, slik at prosjektlista til kvar tid er oppdatert.	Bruakrutvalet
26/60	**Eventuelt** • Gjennomgang av forslag til møtedatoar for 2027. Det vart opplyst at møtedatoane for styret i Helse Bergen i august, oktober, november og desember enno ikkje er endeleg fastsette. • Brukarutvalet oppnemnde Arvid Haukås som brukarrepresentant til forbetringsprosjekt ved Kreftklinikken for forbetring av innkallingsbrev til strålebehandling, med mål om å redusere misforståingar	Fast

	knytte til avlyste timar og sikre tydelegare informasjon til pasientane.	

Randi Bjørgen Johannessen
referent